

Samarbeid barnehage - heim med gjensidig tillit og respekt

For å oppnå dette må eg som personale eller foreldre:



Kommunikasjon og dialog.

- ♦ Vere samkøyrte heim – barnehage. Avklare konkrete tiltak som både heim og barnehage følgjer opp i forhold til barnet sitt behov.
- ♦ Møte kvarandre med eit smil. Helse når ein møtast t.d i porten. Høfligheit.
- ♦ Ha open og direkte dialog om positive ting, men og ting som kan vere utfordrande med tanke på barnet sitt beste. Samtale mellom vaksne utan at barna er tilstades.
- ♦ Snakke med og ikkje om. Framsnakke kvarandre.
- ♦ Ha dialog på foreldresamtala.
- ♦ Skriv stikkord på tavla om kva som har skjedd gjennom dagen



Foreldremøte

- ♦ Lage innkalling til det viktigaste møtet i året - foreldremøte. Dele ut i papirform.
- ♦ Gje ei påminning. Skriftleg tilbakemelding på lapp om ein kjem eller ikkje.
- ♦ Ha forventningsavklaring kvar haust på foreldremøte.
- ♦ Lage gode rutiner for å medverke.



Ta opp saker

- ♦ Ha lav terskel for å ta opp ting direkte med foreldre/pedagog.
- ♦ Bruke sunn fornuft og ha forståing for kvarandre. Vere raus. Sjå den andre sitt perspektiv. Framsnakke og vere positiv for det som skal skje.
- ♦ Ha gjensidig respekt for kvarandre.
- ♦ Bruke SU, foreldreråd, personalmøter som arena for saker som gjeld fleire.

Samarbeidet skal vere prega av at det vert lagt til rette for inkludering, forståing og medverknad, ved å få høve til å uttale seg i saker dei ulike partane skal medverke i.



Gloppen
kommune

Rikare kvardag

midt i verda